

Levande musikk på Systrene Nilsen

14.04.2011



Dette er dei summande biene!

Systrene Nilsen kjem til å leggja stor vekt på levande, allsidig musikk og det vil gjestane få oppleve allereie no i påska. Det er drivar Morten Nilsen som kjem med denne programeklæringa dagen før dagen. Restauranten opnar klokka 17 i morgon ettermiddag, men det skjer utan nokon spesiell markering. Markeringa kjem klokka 14 på laurdag og då skal det skje noko spesielt. Men det kjem vi attende til....



- og her er brørne frå Alvdal

I denne omgangen tek vi for oss dei 3

banda/musikarane som skal i aksjon no i påska:

* Først ut er ein kar i 50-åra som er frå London men som har budd her i landet i meir ein tiårsperiode. Han heiter Charles Breakspeare og bur no på Jessheim.


Charles spelar fredag og laurdag i denne veka og er eit heilt band åleine. Han spelar gitar og syng men har og komp. Musikalsk er han allsidig, men ikkje overraskande har han ein spesiell kjæleik til det irske. Charles har spela ved mange store høve rundt om i landet, til dømes for Statoil og Hydro. Morten har sjølv høyrte han og garanterar at han er kjempegod.

* Neste laurdag skal ein brødreduo i aksjon i Systrene Nilsen. Det er frå Aukrustbygda Alvdal, er 21 og 23 år gamle. og kallar seg Duo Level. Alvdølene er likevel erfarne, for dei har spela saman sidan dei var 12 og 14. Med akustisk gitar og piano har dei plukka ut dei beste musikalske godbitane - frå Hellbillies via Cash til Brian Adams og Postgirobygget. Tronsmonbrødrene er også kjende for å ta ting på hælen - dei er med andre ord spontane. Dei har gjort jobbar med mellom andre Askil Holm og bye og Rønning.

* Neste fredag rår lokale kjendismusikarar grunnen i Systrene Nilsen og då er det grunn til å venta storinnrykk. Femmannsbandet Hummingbees som er eitpar år gamalt har 4 frå distriktet og ein frå Honningsvåg og på laget er Bernt Harry Eliassen (song, gitar), Frode Kaldestad (piano), Ove Eikemo (bass), Egil Vaage (fele, mandolin) og Jan Arthur Kalsaas (slagverk). Kva dei er gode for kjenner danseglade her i distriktet godt til frå før. Det gjeld ikkje minst Kaldestad og Eikemo.

Det er mange musikalske opplevingar og sjå fram til også utover sommaren, lovar Morten.

Av Ola Matti Mathisen



Charles frå London - eit orkester åleine